



Supplyskip 2 ved Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Supplyskip nummer 2 er ikkje finansiert og det blir fortsatt permitteringar ved Eidsvik Skipsbyggeri. Verksemda har sendt ut denne pressemeldinga:**

Eidsvik Skipsbyggeri og Meling Supply har hatt som felles mål å få til finansiering, slik at supplyskip nr 2 kunne utrustast og leverast i løpet av våren 2011.

Det har ikkje lukkast reiarlaget å få til den finansieringsløysinga som det var lagt opp til i kontrakten.

Finanskrisa og sviktande marknad for slike offshore fartøy er hovudårsaka til at prosjektet ikkje har oppnådd den finansieringa som var lagt til grunn.

Dei tilsette er orientert om situasjonen og dessverre så medfører dette fortsatt permitteringar ved skipsbyggeriet.

Eidsvik Skipsbyggeri saman med gode lokale samarbeidspartnarar har ein svært kompetent arbeidstokk som trass i mange uforutsette utfordringar, har utført utrustningsjobben på "Siem Pilot" på ein god måte.

Bortfall av utrustninga ( av skip nr 2 )berører også andre lokale samarbeidspartnarar og leverandørar, som har hatt store jobbar på "Siem Pilot"og ville fått tilsvarande ordrar på skip 2.

S kroget som ligg ved Eidsvik Skipsbyggeri vil bli slept til Myklebust Verft for utrustning. Kleven Maritime som eig Myklebust Verft, har arrangert byggelånsfinansiering for utrustninga.

Bortfall av utrustninga av skip nr 2, medfører utfordringar med tanke på nye oppdrag på kortsikt, men dette frigjer samstundes ressursar til å jobba mot nye prosjekt.

Uskedalen, 6 juli 2010  
Svein Arne Eidsvik  
dagleg leiar